

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: GAM8SV

Registrert dato: 21.06.2019 19:54:26

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
- På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Arne

Etternamn

Rognebakke

Adresse

Strandvegen 31

Postnummer

5914

Poststad

ISDALSTØ

Telefon

E-post

arne.rognebakke@gmail.com

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Bruvoll bustadområde
-
- Områdeplan Ostereidet
- Områdeplan Lonena

Uttale

Eg tykkjer primært at Lonena skal takast vare på slik det er i dag. Eg trur at dersom det vert utbygging vil naturområdet gradvis verta øydelagt slik det i dag skjer med Kvassnesstemma. Der har "måsehatarar" på "Skrenten" påverka kommunen til å setje opp skilt om at turgåarar ikkje må mata fuglane fordi det gjev rotteplagar. Eg har jogga rundt Kvassnesstemma 3 dagar for veka sidan stien kom og enno ikkje sett ei rotte. Dersom det vert utbygging rundt Lonena, og det kjem buarar som ikkje tåler måseskrik, vert det vel oppmoding om å slutta med fuglemating der også. Fuglemating er ein aktivitet som gjev både born og vaksne stor glede.

Ved Kvassnesstemma er i tillegg idyllen broten pga at det no er lagd ned svære betongrøyr som har utlaup i vatnet. Og det nye helsehuset vil dominere landskapet og gje eit trykkjande inntrykk for turgåarar rundt vatnet. Den midlertidige brua til holmen i vatnet er direkte skjemmande. Dersom det ver bygd bustader med 3-etasje ved Lonena, vil det også kunne gje eit inneklemt og trykkjande inntrykk for turgåarane. Og dyrelivet vil bli lidande.

Sekundært meiner eg at utbyggjinga ved Lonena bør utsetjast. Ein bør byggje ut Knarvik senterområde først. Dersom det kjem høghus der med mange bueiningar, er det ikkje sikkert at trongen for å byggje ut Lonena er så stor. Tid dømes står enno mange leiligheiter i dei nyaste utbyggjingsprosjekta i Knarvikområdet tomt.

Eg tykkjer og at ein bør vente til ein har funne gode vegløysingar for Knarvik.

Våtmarksområdet i sentrum for Brekkeløypa må uansett takast vare på slik det er i dag med opprinneleg Nordhordlandsnatur både når det gjeld plantar, dyr og fuglar. Alle planar om ein slags urban "Central Park" må skrotast.